

ÅRSRAPPORT 2016 FOR SØR-FRON SOKNERÅD

Sør-Fron sokneråd (Fellesråd)

Soknerådet har bestått av Egil Tofte, leder, Inger Bakke Jonsen nestleder, Kristin Bratlien, , (disse er oppnevnt som AU), Aud Moheim, Rita Lunde, Rannveig Brandstad, Mariann Isumhaugen og Marita Aanekre som faste valgte medlemmer.

Sokneprest Kristinn Olason har i kraft av sitt embete fast plass i soknerådet.

John Arne Fossehagen møter fast som første varamedlem.

Øvrige varamedlemmer er John Ståle Kristiansen, Grethe Gillebo, Aase Beitdokken og John Sigurd Holtlesmo. Heidi Rita Midtlin er oppnevnt som Sør-Fron kommunes representant.

Soknerådet har avholdt 8 møter og behandlet 65 saker der noen type saker er faste poster.

Ett av møtene er avvirket i Espedalen der det i tillegg til møtet også var befarung av kirken og anlegget der.

Av saker som er behandlet nevnes: Budsjett for 2016, avlevering av regnskap for 2015, Prosjekt «Ny oppvarming av kirkebygg- nytt servicebygg kirketjener», «Kirken i en ny tid», konfirmasjon over to dager, prisliste på kirkelige handlinger (for utenbygdsboende) og utleie av kirkene og kapellet, flytting for innskriving av konfirmanter fra september til mai, konfirmantleir i Kragerø, uttale om reguleringsplan for Hundorp tettsted, møte med ledelsen i Sør-Fron kommune, utnevning av ny prost i Sør-Gudbrandsdal prosti, offertildeling til eksterne søkere, avskjedsgudstjeneste og fest for Arild Larshaugen der også vikar Josef Nerli ble takket av, fest for frivillige, juleavslutning for staben og soknerådet.

I tillegg har soknerådet hatt som fast post på møtene en idedugnad om soknerådets bidrag til aktivitet, kalt «interesse/arbeid».

Soknerådet har oppnevnt en komité til å vurdere klokkespillet i kirken.

Faste poster;

Liste over tekstlesere og kirkeverter, regnskapsrapporter, referatsaker, temasaker, aktivitetskalender for Sør-Fron sokn og godkjenning av protokoll for forrige møte.

Soknerådet har vedtatt å gå ned fra 8 til 7 møter i året.

Staben

Stein Olav Myhre startet opp som ny kirketjener/kirkegårdsarbeider 1.mars 2016

Arild Larshaugen var ansatt til 30.mars.

Staben består av :

Kirkeverge/daglig leder	80%	Kristian Haave
Klokker/sekretær	45%	Synøve Barlund Fladby
Organist	100%	Sergey Shulga
Kirketjener	100%	Stein Olav Myhre
Kirketjener	20%	Arnt Voldbakken

Totalt 3.45 årsverk

Menighetspedagog Ann-Kristin Fauske Mathisen, 40% i Sør-Fron, har Ringebu kirkelige fellesråd som arbeidsgiver. Sokneprest Kristinn Olason er ansatt under biskopen.

Menighetens årsmøte ble avholdt 10. april.

Fellesrådsleder/soknerådsleder Egil Tofte ønsket velkommen og ledet møtet.

Det var 32 personer tilstede, deriblant flere konfirmanter.

Forsamlingen sang salme 204, «Han er oppstanden, Halleluja.....»

Soknepresten åpnet med andakt og leste fra Salme 23, lengselens fortelling.

Andakten ble avsluttet med salme 482, « Deg å få skode er sæla å nå.....»

Årsmeldingen for 2015 ble presentert av staben, tekst og illustrert med lysbilder under god og myndig regi av menighetspedagog Ann-Kristin Fauske Mathisen.

Årsregnskapet for 2015 ble presentert av kirkeverge/daglig leder Kristian Haave.

Årsmelding og årsregnskapet for 2015 ble tatt til etterretning.

Kristian presenterte tanker rundt budsjett og arbeidsprogram for tida framover.

Egil orienterte om fellesrådets/soknerådets « Ide dugnad» for sitt engasjement for kirkens arbeid.

Klokker/sekretær Synøve Barlund Fladby og gode hjelpere fra rådet stod for god bevertning.

Rasmus Stauri kåserte under temaet «Den unge Holberg i Fron prestegard».

Årsmøtet ble avsluttet med salme 820, « Den dag du gav oss, er til ende.....»

KIRKER, KAPELL OG KIRKEGÅRDER

Lørdag 23. april var det dugnad på Sør-Fron kirkegård med ca. 40 fremmøtte. Diakoniutvalget serverte mat i kapellet etterpå.

2016 er et merkeår da et lenge etterlengta prosjekt ble gjennomført. Det er oppført nytt servicebygg for kirketjeneren og installert ny oppvarming av kirkebyggene.

Intensjonen med ny oppvarming er blant annet å redusere energiforbruket og som ett av målene for å bli en «Grønn menighet»

Denne besparelsen gir oss tilskudd som et godkjent tiltak innen energiøkonomisering.

Servicebygget inneholder nytt sanitæranlegg/skiftherom, kontor/hvilerom, teknisk rom for ny oppvarming, isolert verksted/garasje og maskinrom for klippere og annet utstyr.

Kirketjeneren har deltatt aktivt i planleggingen og utnyttelsen av rommene. Han utførte også innredningsarbeidet i nybygget.

Ny oppvarming er vannbåren med uttak av jordvarme fra 8 borrehull langs muren og jordet tilhørende Oden gard. Her er det også lagt midlertidig veg for anleggsvirksomheten, alt dette takket være godt samarbeid med Amund Oden.

Det er montert viftekonvektorer bak galleriet, en ved hvert vindu, som blåser varmluft ut i kirkerommet. Elektrisk ovnene under benkene er fortsatt intakte og blir brukt i tillegg.

Kjell Rønn har vært vår prosjektleder i byggeperioden.

Med styringssystemet kan en legge inn «bestilling» av arrangementer og temperaturen kan senkes og heves automatisk etter behov.

Det må installeres egen elektrisk oppvarming ved orgel, noe som ikke er på plass enda.

Det er Sør-Fron kommune som tar investeringen og låner 5 millioner for tiltaket.

Uten kommunens deltakelse og ansvarstagede har dette vært et umulig løft for soknet.

Hele prosjektet blir slutført i 2017.

Det er gjort sikringstiltak for opphenget av lysekrona i kirken, tetting av takluke i kirken, gjennomført brannøvelse for staben og soknerådet.

Kirketjeneren har satt i gang utvendig malingsarbeid på dørene i kirken og fullfører dette sommeren 2017.

Sør-Fron kommunes ordning «sommerhjelp for ungdom» ble ikke videreført i 2016.

Ved befaringen i Espedalen ble det vurdert hogst av høye trær rundt kirken, som et sikringstiltak mot vindfall med fare for skader på fjellkirka. Det er Sør-Fron kommune som er grunneier og det er gjennomført befaringsarbeid med skogansvarlig i kommunen. Konklusjonen ble at vi får ansvar for hogging slik det ble enighet om på befaringen.

Ved EL kontroll i Espedalen fjellkirke ble det ikke registrert avvik, anlegget er godkjent.

Økonomi

Regnskapet for 2016 viser et underskudd på kroner 68 000,00.

Årsaken til dette er bl.a. lønnsutviklingen som følge av KA's tariffrevisjon av 1.mai 2016.

En dobling av festeavgiften fra 2016 har positiv virkning. Uten sommerhjelp gjennom kommunens tiltak «arbeid for ungdom», resulterte i økte utgifter for vikarbruk.

Ekstraordinære tiltak og vedlikehold behandles av fellestrådet med vedtak, også om finansieringen.

Balansen viser at det står kr.1 381 000,00 på bundne og ubudne disposisjonsfond ved nyttår.

Det vises ellers til vedlagte regnskap for 2016.

KYRKJEBLADET

Kyrkjebladet kom ut med 4 nummer i 2016 og vart trykt i underkant av 1700 eksemplar. Bladet består av 16 eller 20 sider med mye variert innhald. At det var 60 år sidan det fyrste bladet kom ut (i 1956) vart omtala i fyrste nummeret i 2016. Redaksjonen har jobba og lagt planer for 2017 med markering av at kapellet er 80 år, og 500 års-jubileum for reformasjonen. Det vil koma noko i bladet om det etter kvart.

Redaksjonen vil gjerne ha innspel og stoff frå lesarane. Det kan vera små stykke, dikt, bilder, eller tips om ting som redaksjonen kan skrive om.

Redaksjonen består av: Karl Olsen, Gudveig Rønn og Kristinn Olason

Kontingenten var kr. 150,- for bebuarar i Sør-Fron og 200,- for utanbygdsbuande..

TRUSOPPLÆRINGA

Trusopplæringstiltak som har vore gjennomført i 2016 er:

- Dåpssamtaler
- Det har vore sendt ut 1 og 3 års dåpshelsing
- Krøllegudsteneste med særskild invitasjon til 2-åringar og utdeling av «Mi kyrkjebok 2»
- Babysang med 8 samlingar vår og haust
- Småbarnssang med 4 samlingar vår og haust.
- 3 aventssamlingar for 4-åringar pluss gudsteneste med utdeling av «Mi kyrkjebok 4»
- Skulestartgudsteneste for 6-åringar.
- 3 samlingar for 1.klassingar og gudsteneste med utdeling av boka «Tre i eit tre»
- 1 samling for 3. klassingar og Vårønmesse med song og såing.
- Utdeling av bibel til 5.klassingane. Soknepresten besøkte skulane i etterkant.
- Konfirmantundervisning med leir i Håkons Hall og ein dagstur til Trondheim saman med konfirmantar i Ringebu og Fåvang.
- Barnehagevandring i kyrkja før jul med barnehage frå Harpefoss. Liene barnehage valde i staden å få besøk av trusopplæraren med juleevangeliet og flanellograf.
- Skulegudsteneste før jul med barneskulane.
- Besøk av skuleklasse med omvisning i kyrkja.

Nytt i år var Krøllegudsteneste med mye liv og røre, 2-åringar var særskild inviterte.

Skulestartgudstenesta var og ny for året. 19 førsteklasingar kom stolte inn i prosesjon med skulesekk på ryggen. Med dette meiner vi at vi er i gang med dei tiltaka vi kan klare foreløpig.

Fyrste utkast av trusopplæringsplanen vart levert til biskopen i desember. Eit omfattande dokument på nærare 50 sider som inneheld tiltak og planar for kvart årstrinn frå 0-18 år. Den endelege planen har frist 20. februar 2017.

KONFIRMANTUNDERVISNING

Soknepresten har hatt undervisning og konfirmasjon med 31 ungdomar, våren 2016. 43 nye skreiv seg inn frå hausten. Dei er delt i fire grupper i undervisninga. Konfirmantane deltok i gudstenester der dei hadde kvar sine oppgåver.

I januar deltok dei på konfirmantweekend på Lillehammer. Eit spanande og engasjerande opplegg saman med 1400 andre. Grappa leikte, løste oppgaver, ba, vart kjent i Bibelen og hadde samtale om viktige ting i livet.

Det var mange lærerike og opplevelsrike aktiviteter på Lillehammer, i Øyer og på fleire av OL-anlegga, ballspel, bading, dans, band og kor. Flott program fra scena i Håkons hall med flinke musikere og verter.

Ungdomsgudstenesta i mars var ei stor oppleving. Konfirmantane tok på seg oppgåver i gudstenesta med tekstlesing, bønner, preike, sang og dans i samarbeid med Loftet dansestudio.

Under fasteaksjonen gjorde alle ein fin innsats med å gå frå dør til dør og dei fekk samla inn kr. 32.450.

I slutten av april reiste heile gjengen saman med konfirmantar frå Ringeby, Fåvang og Venabygd på tur til Trondheim. Det vart ei stor gruppe med ein fargerik bukett av ungdomar.

I Nidarosdomen fekk vi omvisning ved ansatte i kyrkja og avslutning av dagen med pizza på Egon i Trondheim. Det smakte og var ei trivelig stund.

Etter samtalegudstenesta i mai var konfirmanter og foreldre samla i prestegarden der dei fekk servert is og brus i tillegg til kaffe og kaker.

GUDSTENESTER OG KYRKJELEGE HANDLINGER

Sør-Fron sokn har laga eit årshjul for gudstenestene. Det viser aktivitetane som er faste gjennom heile året og i tillegg alle gudstenestene med særskild preg.

Dette gjeld f.eks.:

- Gudstenestene som går inn i trusopplæringa. Det blir sendt ut mange invitasjonar i løpet av året og mange familiar er flinke til å møte opp der ungane og ungdomane blir inviterte. På våronnmessa kom det berre ei jente frå 3.trinn, men ho deltok ivrig i sang og såing så det gjekk fint. At ho fekk vera med Sergey opp og studere orgelet da dei andre var på veg til kyrkjekaffen var stor stas.
- Påskegudstenestene følger mal frå tidlegare, men langfredag kutta vi ut gudstenesta i Sør-Fron kyrkje og la den til Espedalen, da som eftasmesse. Skjærtorsdag med nattverd gudsteneste og kveldsmat i kapellet etterpå har vore trivelege samlingar. Diakoniutvalget gjer ein stor innsats med dekking og traktering der. Påskenatt deltek vi på påskenattsmesse i Kvam saman med kyrkjelydane i Nord-Fron og Sel.
- Hausttakkefest og jubileum for 50 årskonfirmantane var på same dag att etter nokre år kvar for seg. Det var Harpefoss sanitetsforening som stod for pynting og kyrkjekaffe i år. Dei veksler med Bygdekvinnelaget og Sør-Fron sanitetsforening. Alle desse gjer ein stor innsats. 50 års-konfirmantane hadde si samling på Dale-Gudbrand's gard.
- Bots- og bønnedag hadde vi besøk av den nye pilegrimspresten, Lars Erlend Kielland og det var overlevering av nye flotte ikoner til kapellet. Eit mesterleg utført arbeid produsert av ikonmaler Lalita.
- Allehelgensdag der pårørende til 41 avdøde var særskild inviterte til minnegudsteneste og samling i kapellet etterpå.
- Grendemessene i Øvertun, Tofte og på Harpefoss er fine avbrekk frå dei faste gudstenestene i kyrkjene. Frammøtet er noko varierende, men stemninga bruker å vera god.
- Setermessa i juni var på Holsetra hos Kvebu; ei seter i full drift. Ein fin og solrik dag mellom bjølleklang og budeilokk. I august hadde vi gudsteneste hos Sclater på Gållå.

Ein sur og kald dag da det var godt å vera inne rundt varmen frå peisen. Henry Eggen og Else Moen sørja for det musikalske på båe desse gudstenestene.

- Det var to gudstenester med markering av avgang for to markante personar i 2016. Arild Larshaugen vart takka av ved gudstenesta 17. april og med stor fest på kommunesalen etterpå. Mye rømmegrøt, kaker og taler. Prost Per Halstein Orset Nielsen fekk takk og gave ved siste gudstenesta si i Sør-Fron (som prost) 5. juni. Per Halstein var veldig glad i Sør-Fron og tok gjerne vikaroppdrag her.

ESPEDALEN FJELLKIRKE

I Espedalen fjellkirke har vi hatt 9 gudstjenester og det har vore ein vigsel og ein juletefest. Langfredag var det gudsteneste kl. 17.00, endring frå tidligare da vi hadde «Påskan i ord og toner» kl. 20.00. Tidspunkt må samordnast med dagsrytmen på hotella og vi prøver oss litt fram med det. Gudstenestane i juli var svært godt besøkt, med 53 og 76 tilstede. Her deltok ein delegasjon fra Tyskland, på ferie i Espedalen.

På hausttakkefesten var kyrkja som vanleg vakkert pynta av sanitetsforeninga i Espedalen. Kakebordet ved kyrkjekaffen var heller ikkje å klage på. Den nye prosten, Anita Dalehavn, sette stor pris på å møte den trufaste kyrkjelyden i Espedalen.

Tradisjonen tru arrangerte Sanitetsforeninga juletefest i år også. Bra jobba!!

DIAKONI OG OPEN KYRKJE

Diakoniutvalget består av: Åse Beitdokken, Rita Lunde, Mari Dalseg, Kari Hovemoen, Hildur Skurdal, Eldrid Listad, Reserve: Jorunn Sagbakken, Ruth Korstad og Åse Stebergløkken. Det har vore 7 samlingar med høgstdagsbøn siste året. Diakoniutvalget har utanom det servering på Skjærtorsdag, rakedag, Allehelgensdag og adventskaffe.

Sør-Fron kyrkje var open for turistar frå 27. juni til 20. august kl. 10 – 15. Det var innom ca. 1100 personar desse dagane. Antal pilegrimar som kjem innom har vore aukande. Under langvandringa møttest pilegrimar frå mange nasjonar til nattverd-gudsteneste i kyrkja. Ei fin oppleving. Ein delegasjon frå Sør-Fron sin vennskapskommune på Island, Skutustadahreppur, var på besøk i bygda og var sjølvsagt innom kyrkja.

Det er mange som gjer ein stor frivillig innsats for å halde i gang desse tenestene. Som ein takk for det inviterte soknepresten og frue til fest for frivillige i slutten av november. Harpa diska opp med «de lekreste retter» og det var ein «tyle» fest.

Menighetsturen 2016.

Turen i år var lagt til Nord Gudbrandsdalen. Målet var Lomskyrkja.

På veien mot målet var det andakt med medbrakt prest. Kristinn leda det hele og ga oss ei fin stund i Vågåkyrkja. Her sang vi bl.a; «Så grønn en drakt, så rik en duft, har smykket dal og enger!

Ja, på denne turen fikk vi så sannelig føle det slik. Vi er alle stolte av Gudbrandsdalen og naturen her og når en kan formidle det slik som i denne salma, ble andakta fullkommen.

Organistvikar Else Moen trakterte orgelet og ga oss tonefølge til salmene.

Nå skulle det bli godt med kaffe, baguetter og eplekake. Alt servert i Bokhandelen kafe.

Stavkyrkja i Lom er et severdig bygg med mye historie og kultur. Guiden vår formidla dette på en god måte. Stavkirker er spesielle og forteller oss om viktige byggetradisjoner frå gammel tid.

På veien til middag i sentrum, fikk Bakaren i Lom solgt noe av sitt fantastiske bakverk.

På Fossbergom fikk vi servert skinkestek og karamellpudding og alle de 27 som var med på turen koste seg godt med det hele.

Hjemveien tok vi over Randsverk og gjennom Heidal. Kanskje kom nevnte salme frå Vågå kyrkja fra tidligere på dagen att i minnet. Ja, vi kan så sannelig være stolte av dalen vår. Takk for trivelig samvær. Takk også til Tor Bjørkheim for stødig skyss og god service.

MUSIKK I SØR-FRON KYRKJE 2016

10 januar arrangerte Hundorp Musikklag en Nyttårskonsert sammen med Frank Asle Mathisen, Florian Baschong og folkemusikkgruppa «Kvarts» med fl.

I perioden fra 3.april til 3.mai ble det arrangert korkonsertserie «**Primo Vere**»
Det var følgende deltakere:

3.april – Fri Gospel (Ringeby), Skjåk Songlag, Vingrom Sangkor.

14.April – Vox Vaala, DiViva (Otta), Vågå Sangkor, Tretten Sangkor.

26.April – Mannskoret Klang (Lillehammer), Øyer Sangkor, Øyer Seniorskor, Lillehammer Seniorskor.

3.Mai – Lesja og Lesjaskog Sangkor, Norsk Et Lite Kor, Dovrefjell Disharmoniske Selskab, Ringeby Sangkor.

Til sammen ble det 15 kor på 4 konserter. Vi serverte kaffe med kringler i kapellet til utøverne etterpå. Det var mange flinke bakere blant korister som tok med seg kaker også.

Tilsammen var det over 300 korister fra hele Gudbrandsdalen, alle konsertene var godt besøkt og har blitt til en fin tradisjon siden 2012.

Alle konsertene var gratis, med en frivillig gave ved utgangen.

I perioden fra 29.juni til 3.august foregikk det 6 **Pilegrimskonserter**:

Åpningskonsert den 29.juni - Øyvind Sund med visekonsert

06. juli Hans Kjørstad, fiolin

13. juli Eline Holsbrekken Skar, Sang og gitar

23. juli Andreas Vangen Andersen, Gitar

29. juli (Olsok) kantor James Dickenson med orgelkonsert

3. august Kantor Ingrid Kasper fra Bamberg i Tyskland med orgelkonsert

Alle konsertene var gratis med eventuell gave ved utgangen.

8. august hadde **Per Gynt stemnet** sin årlige kirkekonsert med navn "HELT, IKKE STYKKEVIS OG DELT" med Kjetil Bjerkestrand, Arve Tellefsen på fiolin og Heidi Ruud Ellingsen som solist.

6.november, Allehelgensdag, hadde vi konsert med **Aage Kvalbein**, han spilte Suiter av Bach for cello.

02.desember: **Vinstra Videregående** sin årlige konsert. Det er alltid en stor opplevelse å se og høre disse unge gode utøverne.

11.desember: **Familien Akselsen** kom til Sør-Fron med sin juleturne, de likte veldig godt kirka vår og det snille publikum i 2015 og derfor kom tilbake også i 2016.

18. desember var det duket for **Bygdas egen julekonsert** med mange lokale deltagere: blant nye deltakere må vi nevne Inga og Ragnhild Bjormyr, Ann-Kristin Moheim, Magnhild Rustad, Karoline Rundsveen, Ingri Veskje Haave. Det ble en storslått konsert med mange gode innslag, konserten varte nesten to timer. Her kan man si at det fort kan bli «for mye av det gode», når det er så mange flinke musikere fra bygda vår som vil delta.

29.desember: Andreas Wangen Andersen med Sean Bell spilte og sang Romjulsconsert i kirken.

LITT FRÅ ÅRSSTATISTIKKEN 2016

	2015	2016	Merknad
Innmeldinger	2	5	1 via selvbetjeningsløsning
Utmeldinger	6	15	9 via selvbetjeningsløsning
Dåpshandlinger	30	26	16 busett i soknet
Konfirmasjon	39	31	
Vigsler	13	8	
Gravferd	48	45	42 med seremoni i Sør-Fron
Antal gudstenester	65	65	
Høgstdagsbøn	8	7	
Andakter	10	8	
Deltakere på gudstenester	4349	5.206	Gj.snitt 72
Deltakere til nattverd	516	527	Gj.snitt 20
Offer til egen virksomhet	46.890	63.492	
Offer til andre	22.724	16.110	
Fasteaksjon	32.863	32.450	
Offer/ innsamling totalt	102.477	112.052	

Takk til alle frivillige medhjelpere i 2016!

Soknerådet.